

Forskrift om feiing og branntilsyn, Gloppen kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Gloppen kommunestyre 17. desember 2025 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenet sine redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å gje kommunen grunnlag for å gjennomføre og få dekket utgiftene sine i samband med gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prisast i tråd med sjølvkostprinsippet.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle byggverk med fyringsanlegg i Gloppen kommune, i samsvar med forskrift om brannforebygging.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a. *Eigedom*: Fast eigedom registrert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Ein seksjon som er etablert i samsvar med lovgjevinga om eigarseksjonar tel som sjølvstendig eigedom.
- b. *Eigar*: Den som har heimel til byggverk som er omfatta av feie- og tilsynsordninga.
- c. *Byggverk*: Bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- d. *Fyringsanlegg*: Omfattar eldstad, sentralvarmekjele eller liknande der varme blir produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.
- e. *Røykløp*: Ein kanal for å føre bort røykgass til friluft. Røykløp er også kalt røykkanal.
- f. *Tilsyn*: Kontroll med om fyringsanlegget er intakt, verkar som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade. Tilsynet omfattar også rettleiing om røykvarslarar, slokkeutstyr, rømmingsvegar og andre forhold av forebyggjande art i bustad og fritidsbustad.

§ 4. Eigaren sine plikter

Eigaren av eit byggverk skal melde frå til kommunen når det er installert ny eldstad, rehabilitert røykløp eller gjort andre vesentlege endringar av fyringsanlegget. Dette gjeld både søknadspliktige og ikkje-søknadspliktige tiltak.

Eigaren skal syte for at fyringsanlegget verker som forutsett. Dersom det blir oppdaga feil på anlegget, som vesentleg aukar risikoen for brann, skal anlegget stengast for bruk dersom feilen ikkje vert utbetra omgåande.

Etter å ha mottatt varsel om feiing og tilsyn skal eigaren syte for at feiaren har tilfredsstillande tilgang til heile fyringsanlegget og at nødvendig utstyr er tilgjengeleg.

Eigaren skal syte for sikre og gode arbeidsforhold for feiaren. På tak som har ei helling og høgd som gir fare for fall, må det monterast typegodkjend stige eller likeverdig sikring.

Eigaren må gi beskjed innan fastsett frist om utsetjing av feiing eller tilsyn.

§ 5. Kommunen sine plikter

Kommunen skal syte for feiing av fyringsanlegg etter behov.

Feiinga skal utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte som medfører minst mogleg ulempe for eigar.

Etter feiing skal feiaren syte for at all sot etter feiing blir fjerna.

Kommunen skal syte for tilsyn med fyringsanlegg etter behov.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegg, skal kommunen syte for at det blir ført tilsyn med fyringsanlegget i etterkant.

§ 6. Gebyr

Gebyret skal dekke kommunen sine utgifter ved levering av feie- og tilsynstenesta.

Kommunen skal krevje gebyr frå eigar av byggverk med eit eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.

Gebyret skal vere årleg. Gebyrsatsane blir fastsett kvart år av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet. Gebyrplikta er ikkje knytt opp mot tidspunktet for feiing eller tilsyn.

Feiegebyret per eigedom blir fastsett etter tal røykløp tilknytt eigedomen, og frekvens for feiing basert på ei risikovurdering.

Tilsynsgebyret per eigedom blir fastsett etter byggverk med fyringsanlegg tilknytt eigedomen. Gebyret er uavhengig av frekvens på branntilsynet.

Kommunen kan fastsette gebyr for ekstraarbeid utover normal feiing og tilsyn.

Kommunen kan krevje særskilt gebyr i dei høve feiar eller tilsynspersonell etter varsling og ved oppmøte til fastsett tid ikkje har fått tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget, eller fordi eigar ikkje har vore til stades og/eller ikkje har lagt forholda til rette for tilkomst.

Krav på gebyr etter § 28 i brann- og eksplosjonsvernlova er tvangsgrunnlag for utlegg og vert kravd inn av skatteoppkrevjaren etter reglene for innkrevjing av skatt.

§ 7. Gebyrfritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad gi fritak frå å betale gebyr.

Kommunen kan etter søknad gi fritak frå å betale gebyr dersom det ikkje er eldstad tilknytt røykløpet. Det må være fysisk skilje mellom eldstad og røykløpet.

Det er eigar, gjennom søknad om gebyrfritak, som er ansvarleg for å informere kommunen om at fyringsanlegget ikkje lenger er i bruk og varsle kommunen dersom det blir teke i bruk igjen. Kommunen må godkjenne søknaden før gebyrplikt fell bort.

Dersom fyringsanlegget er tatt i bruk igjen utan at kommunen har blitt varsla, kan kommunen i etterkant fakturere gebyr.

§ 8. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2026.